

Miljøpolitikk for Helse Vest RHF

Vedteken av styret den 05.09.12

Helse Vest RHF skal vere blant dei fremste i arbeidet med å fremje ei miljøvennleg og berekraftig verksemd. Dette gjeld både internt ved RHF-et og i utøvinga av den regionale rolla.


Dette inneber at Helse Vest RHF skal

- ta ein leiande posisjon, og vere ein aktiv pådrivar i spesialisthelsetenesta sitt arbeid med å nå dei nasjonale miljø- og klimamåla
- kontinuerleg førebyggje forureining og betre det ytre miljøet
- lære opp og inspirere alle medarbeidarar til auka fokus på miljøomsyn
- fremje nytenking kring miljøvennlige løysingar i verksemda vår
- prioritere miljøomsyn i alle rutinar på alle nivå i verksemda
- ha eit ISO 14001-sertifisert miljøstyringssystem
- etterleve lovkrava, og vere i forkant så sant det er mogleg

I kraft av den regionale rolla, har Helse Vest RHF eit særleg ansvar for å ta miljøomsyn ved anskaffingar. Vi skal nytte innkjøpsmakta vår til beste for miljøet ved å

- vurdere miljøpåverknaden av anskaffingane våre på førehand
- sette og følgje opp krav til leverandørar om miljøvennlige produkt og tenester
- sette og følgje opp etiske og sosiale krav som og kan betre det ytre miljøet

Miljøpolitikken skal vere kjend for alle medarbeidarar i Helse Vest RHF, føretaksgruppa, leverandørar og samarbeidspartnarar.



Herlof Nilssen

administrerende direktør